FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Ureiningstilsyn
Inspeksjonsrapport

Sakshandsamar: Grete Haugan
Telefon: 57 6551 57
E-post grete.haugan@fmsf.no

Vår dato
14.10.2010

Vår referanse
2008/4861
Rapportnummer
2010.079.I.FMSF

VikØrsta AS avd. Vik
6893 Vik i Sogn

Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: **VikØrsta AS avd Vik**	Organisasjonsnr. bedrift: **980320677** Eigd av: **985001952**
Stad og kommune: **Vik**	Kontrolldato: **12.10.2010**
Postadresse: **6893 Vik i Sogn**	Løyvedato: **20.08.1997 m/endring 16.04.2009**
Risikoklasse: **2**	☐ ISO 14001-sertifisert ☐ EMAS-registrert

Informasjon om kontrollen

Kontaktpersonar i verksemda: **Bjarne Larsen** **Kurt Helleland** **Hermund Farnes**	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: **Grete Haugan**
Desse hovudtema vart kontrollert: ☐ Internkontroll (ytre miljø) ☐ Risikovurdering ☐ Utslepp til luft eller vatn ☐ Støy ☒ Løyvet med vilkår ☐ Forskriftskrav ☐ Anna:	 ☐ Avfallshandtering ordinært avfall ☒ Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) ☒ Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) ☐ Sikkerheitsdatablad ☒ Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: ☐ Frekvensbasert inspeksjon ☐ Frekvensbasert revisjon ☐ Kontrollaksjon ☐ Ny verksemd (ikkje kontrollert før) ☒ Nytt/ endra løyve (ikkje kontrollert før)	 ☐ Oppfølging av eigenrapport ☐ Oppfølging av klage/hending/tips ☐ Oppfølging av siste kontroll ☐ Kartlegging ☐ Anna

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist 3 avvik og gitt 2 merknader. Avvik og merknader er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker atter at rapporten er motteke. Varsla kontrollgebyr vert då send via Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) for innbetaling.

Med helsing

Dagny Alvik
overingeniør

Grete Haugan
senioringeniør

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved VikØrsta AS avd Vik 12.oktober 2010.

Tema for kontrollen var gjennomgang av vilkåra i endra utsleppsløyve etter at all galvanisering/forsinking no er flytta over i ny hall. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom merknadene og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgivingane. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **15.11.2010** eller evt. dato/ar for planar for gjennomføring. Innan same dato ber vi om at verksemda gjer greie for sine vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknyting til våre merknader. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

Vi gjer merksam på at oversikt over miljøloverket kan ein finne på www.lovdata.no eller vist til frå www.klif.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

Gebyr for kontroll

Verksemda er plassert i risikoklasse 2, jf. ureiningsforskrifta § 39-6 om gebyr for kontroll som varer inntil ein dag. Risikoklasse er fastset ved handsaming av utsleppssøknad, og er oppgjeve i utsleppsløyvet. Det vil seie at verksemda må betale kr. 14500,- i gebyr for den gjennomførte kontrollen.
Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klif. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, blir for mykje innbetalt beløp refundert.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 **Verksemda handterer ikkje alt sitt farlege avfall i samsvar med lovkrav**

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 16.04.2009, pkt 9
Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta), Kapittel 11: Farlig avfall

Kommentarar:
Verksemda har ikkje levert farleg avfall innan tidsfristen (1 år)
Farleg avfall skal leverast til godkjent mottak minst ein gong per år dersom mengda av det enkelte stoff/avfallstype overstig 1 kg. Under inspeksjonen stod det meir enn 30 tønner med sinkstøv frå filter lagra. Dette hadde vore lagra sidan filteret vart teke i bruk, og fristen på 1 år var overskriden.

Deklarasjonsskjemaet er ikkje tilfredsstillende utfylt
Ved utfylling av deklarasjonsskjema vart organisasjonsnummer for VikØrsta AS nytta, ikkje avdelinga i Vik sitt bedriftsnummer. Dette kan føre til at farleg avfall vert registrert på anlegget i Ørsta i staden for på avdelinga i Vik.
Truleg er det og nytta feil EAL-kode for noko av avfallet som er levert.

Verksemda kan ikkje dokumentere at alle typar farleg avfall er levert til godkjent mottakar.
All levering skal dokumenterast med kopi av deklarasjonsskjema. Bedrifta har store mengder farleg avfall frå galvaniseringsprosessen. Dette vert levert til Noah Langøya, og det er rutinar for deklarering og henting av dette avfallet. Men bedrifta har og ein del andre typar farleg avfall som spillolje, sprayboksar, kjemikalieavfall, reingjeringsmiddel, lysrør m.m. Det var uklart kva for rutinar det er for deklarering og levering av slikt farleg avfall.

Verksemda har ikkje tilfredsstillende merking og lagring av farleg avfall
Farleg avfall vert lagra ute fleire stader på bedrifta, utan sikring mot søl eller uhell. Det meste av avfallet var merka med deklarasjonsnummer og UN-nummer, men det var ikkje merka med kva type avfall det var (avfeitting, syre, olje osv). Noko av det farlege avfallet var samla i eit eige lager på bedriftsområdet, men dette var ikkje avstengt med portar og det var berre støypt ein kant for å hindre at eventuelt søl skulle renne ut. Det farlege avfallet bør samlast på ein eller nokre få lagerplassar som er sikra mot søl og uhell, og der alle typar farleg avfall er godt merka. Alt farleg avfall må lagrast slik at det ikkje er tilgjengeleg for uvedkommande.

Avvik 2 **Bedrifta har ikkje gjennomført tilstrekkelege målingar, og kan difor ikkje dokumentere at utsleppa til luft er i samsvar med krava i løyvet**

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 16.04.2009, pkt 4 og pkt 11.

Kommentarar:
Bedrifta har to utslepp over tak; avtrekk frå sinkgryta via filter og avtrekk frå syrebad og fluxbad. Det er i utsleppsløyvet sett krav om at utslepp til luft skal målast minst 2 gonger pr. år, og det er sett kvalitetskrav til prøvetaking og analysar. Det er sett utsleppsgrense for støv frå sinkgryta (mindre enn 5 mg/Nm3) og det er krav om at utslepp til luft frå beisekar og fluxkar ikkje skal medføre skade eller ulempe for miljøet.

Bedrifta har etter oppstart av nytt anlegg hatt store problem med syredamp i innelufta i forsinkingshallen. Dette er vesentleg eit arbeidsmiljøproblem som ikkje vert omfatta av

utsleppsløyvet frå fylkesmannen, men det har mellom anna ført til at portane står mykje oppe og at store luftmengder går ut her. I tillegg har problem med avtrekk ført til at målingar ikkje har kunna gjennomførast. Det er gjort berre ei måling i 2010.

Bedrifta er i gang med å gjennomføre tiltak for å betre innelufta, og det må samstundes sikrast at ein har kontroll på utslepp til ytre miljø og at desse kan dokumenterast gjennom målingar.

Avvik 3 **VikØrsta AS avd. Vik har ikkje gjennomført ei miljørisikoanalyse etter ombygging av fabrikken.**

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 16.04.2009, pkt 10

Kommentarar:
VikØrsta AS avd Vik har bygd om fabrikken og sett i drift nytt anlegg for varmforsinking. Det er ikkje gjennomført noko ny miljørisikoanalyse av aktiviteten etter ombygginga. No når det nye anlegget er i ordinær drift må bedrifta gjennomføre ein miljørisikoanalyse, og vurdere resultata i forhold til akseptabel miljørisiko. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan medføre ureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på verksemda sitt område eller utanfor.

På grunnlag av miljørisikoanalysen må verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak.

Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

Merknad 1 **Bedrifta sine rutinar for substitusjonsvurdering kan forbetrast**

Kommentarar:
Bedrifta gjennomfører ei risikovurdering av alle nye kjemikaliar ved hjelp av Eco Online. Det må utarbeidast rutinar som sikrar ein årleg gjennomgang av alle kjemikaliar som er i bruk med tanke på substitusjon/ bytte til mindre miljøskadelege stoff.

Merknad 2 **Bedrifta må vurdere økonomisk sikkerheit for opprydding ved opphøyr/ stans av drifta.**

Kommentarar:
I utsleppsløyvet er det sett krav om at verksemda skal ha ein økonomisk sikkerheit for å sikre at mellomlagra farleg avfall, ureina grunn, innsatsstoff som ikkje vert nytta m.m. vert forsvarleg handtert ved eventuelt opphøyr/stans av drifta.

VikØrsta AS avd Vik må gjere ei vurdering av kor stor ein slik garanti må vere for å dekke dei aktuelle kostnadene, og gi ei melding til fylkesmannen om korleis ein slik garanti kan stillast.

Andre tilhøve

VikØrsta AS avd Vik opplyste under inspeksjonen at de er i gang med ein prosess med sikte på ISO 14001 – sertifisering. Det er gjennomført ein sertifiseringsrevisjon ved bedrifta, og ein er no i gang med å lukke dei avvika som vart påpeika med sikte på sertifisering. Dette er bra, og vil sikre eit auka fokus på ytre miljø framover.